

# Os Kyrkjeblad

Nr. 1 / februar 2021 / 76. årgang



**Lyset skinner i mørket,  
og mørket har ikke  
overvunnet det.**

Johannes 1, 5



## Bibelhistorie

Tre gode forteljarar vil dele av sin bibelkunnskap i Tunet.

Side 3



## Saman for reint vann

Det hastar med å nå ut med reint vann til alle.

Side 8



## Lesarbr ev frå Estland

For 11 år sidan vart det sådd eit kyrkjefrø i Estlands hovudstad, Tallinn..

Side 10

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

**REDAKSJON:**

Linda Ekerhovd og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd

**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Linda Ekerhovd

**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**

Birgit Tarlebø

**FORSIDEFOTO:**

Trang Pham, Pexels.com

**TRYKK:** Molvik Grafisk

**OPPLAG:** 8.800 stk

**OS SOKNERÅD:**

Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**

Bente Brøvig Strømme

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 00**KYRKJEKONTORET I OS:**

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: post.os@kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

**YNSKJER DU Å ANNONSERE****I KYRKJEBLADET?**

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller  
e-post: post.os@kyrkja.no

**BLADKONTIGENT**

Kr 200 pr.år / kr 250,- for utanbygds  
Bankgiro: 3201.53.26254  
Postboks 209, 5209 Os  
Vipps: 20250 merk "bladpenger"  
E-post: post.os@kyrkja.no

LEIAR



# Varmt velkommen!

Til deg som sit og les kyrkjebladet, så kjekt at du gjer nettopp det! I kvardagen vår er det stadig skjeldnare vi held i papir og magasin.

Difor synast vi det er ekstra stas at kyrkjebladet kjem heim i postkassa di og at du får moglegheit til å lese artiklar og informasjon om kva som rører seg i kyrkjelyden.

Eg håper at når du les og blar i bladet, så finn du informasjon om vårt arbeid og noko som interesserer deg. Kanskje kjem du ikkje til ei av kyrkjene våre, eller nyttar deg av andre tilbod i kvardagen. Eg vil likevel du skal vite at du er velkommen. Velkommen til fellesskap – når vi igjen skal møtast. Velkommen til å teste ut ulike aktivitetar eller kome til ei gudsteneste. Velkommen også til deg som har bidrige og delteke over mange år.

Sjølv om det ikkje passar, kan eg bli glad av å bli invitert til venner eller på ulike arrangement. Ikkje alt passar og alt kjem ikkje i rett tid, men det å vite at eg er velkommen varmar likevel.

Slik håper eg at du kjenner det om kyrkja og kyrkjelydsarbeidet i Os.

Om du kjem på arrangement ofte, av og til, svært sjeldan, eller aldri, så er du varmt velkommen.

Vi er her og vi ynskjer deg alt mogleg godt – i din kvardag, uansett korleis den ser ut.

Ingen er berre det ein ser – seiast det. Nå i denne tida, er det slik at vi heller ikkje får sjå kvarandre. Det gjer det ekstra utfordrande å oppfatte korleis andre har det. Vit at om du ikkje blir sett fysisk av så mange, så er du like fullt like verdifull, like viktig og like eineståande. Det er ikkje berre ord, men ei sanning. Alt godt til deg – der du er, i nettopp det du står i.

**«Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elskaa Gud, men at han har elskaa oss»**

1.Joh 4.10.

**Kristine Fjeld**





# Bibelhistorie

Tekst: Inger-Johanne Haugland

Etter å ha høyrd Annie Andersen fortelle om Ester, ville eg gjerne høre meir bibelhistorie! Derfor dette initiativet; Bibelhistorie i Tunet.

- Å oppleve forteljarkunst er i seg sjølv ei stor glede.
- Å friske opp bibelhistoria er både nyttig og interessant.
- Å få næring til trua er berikande.

I småskulen vart vi kjend med historiar frå Gamle testamentet, og i søndag-skulen lærte vi om Jesus. Enkelte andaktar frå «Yngres» sit endå i minne til underteikna. Så førte livet av stad og når no, i vaksen alder, eg hører andakt, dukkar erindringer frå bibelhistoria opp i minnet, meir vague enn eg likar å innrømme.

Tidslinja, historia, personane og korleis Gud handla med dei, korleis det var alt saman.

Abraham, Isak og Jakob, Josef, Moses, Josva, Job, Samuel, Kong David, Salomon og kvinnene Rut, Ester. Kven var dei, kva haldningar hadde dei og kva tru hadde dei på Herren, og korleis visste dei at det var Gud som utfordra dei? Kvifor har dei fått eigne bøker i bibelen?

**Tre gode forteljarar, med utdanning og god innsikt i Bibelen, vil dele av sin bibelkunnskap;**

Osvald Hindenes, misjonær og forfattar, vil fortelje om Josva som førte Israelsfolket ut av Egypt og inn i det lova landet.



Maleri av Wenche Søgnen Merai

Annie Andersen, diakon, vil fortelje om Rut. Rut, som følgde svigermora heim til familien hennar etter at begge hadde mista mennene sine. Korleis gjekk det til at Rut vart oldemor til Kong David?

Per Torgeir Eden Nilsen, lege og leiar i Søfteland bedehus, vil fortelje om Kong David. Gjætarguten som kjempa mot Goliat og vann, vart konge over Israelsfolket. Han var krigar og hærførar, musikar og diktar. Kong David var gudfryktig, men ikkje utan feil.

Hvis du synes dette er spennande og vil høre meir, er det håp om at vi i løpet av våren vil kunne arrangere «Bibelhistoriekveldar» i Tunet, nokre torsdagkveldar.

**Planlagde datoar finn du på «Korketavla» i bladet. På web: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) kan du lese meir, og der vil du kunne melde deg på også. Vi hjelper også med påmelding om du ringer kyrkjekontoret.**

## Årsmøte

Søndag 25. april er det planlagt årsmøte for Os kyrkjelyd.

I desse usikre tidene veit vi ikkje om vi kan samlast på tradisjonell måte. Vi jobbar med å finna god løysing for at alle i kyrkjelyden skal bli godt orientert om det som skjer i Os kyrkjelyd, om rekneskapen og andre aktuelle saker som vil bli tatt opp på eit årsmøte. Følg med på heimesida vår og på Os kyrkje si Facebook-side for meir informasjon. Her vil òg årsmeldinga bli lagt ut digitalt i forkant av årsmøtet.



Dei nye lokalene.

## Glad i foto? Likar du videoproduksjon? Interesse for lyd og lys?

Då er vår nyetablerte «Mediegruppa» noko for deg! Vi søker medlemmer, både unge og vaksne. Gruppa skal bistå kyrkjelyden med digitale løysingar for gudstenester og møter. Det vert kursing, opplæring og inspirasjonskveldar innan media og produksjon. Vil du vite meir, send e-post til: post.os@kyrkja.no, så vert du kontakta.

**Styringsgruppe v/Arthur Håkon Botnevik**



# Nyttår fører med seg nye ting

Blant anna har ungdomane i kyrkjelyden fått nye lokaler, meir om dette seinare. I tillegg har det vore utskifting i staben; Malin Nøss Vangsnæs var ferdig i sitt vikariat for underteikna i desember. Då kom eg tilbake etter farspermisjon. Elles har me mange engasjerte ungdomar som er veldig aktive i miljøet. Dette er noko som er gledeleg å sjå i ei elles så tung tid som denne.

På grunn av Covid situasjonen som me alle er oppi no har det blitt mange utsettelsar og avlysingar av ulike aktivitetstilbod for ungdomen. Eit tilbod som plar samle mange er LAN eller «natt i tunet» om du vil. Dette skulle blitt arrangert no i februar men på grunn av Covid har me sett oss nøydde til å utsette det til hausten. Det er viktig å seie at det er utsett og ikkje avlyst. Som eg nemnte tidlegare i teksten har ungdomen fått seg nye lokale å nytte. Dei har flytta frå 1. etasje til 2. etasje og har no laga eit tilbod for ungdomen der.

### Her er eit stykke frå dei:

*Vi i ungdomstunet er kjempenøgde med vårt nye ungdomsloft. Vi har vore så heldige å få større plass til våre arrangement. Det gamle rommet nede var litt for lite for oss så vi bestemte oss for å flytte opp i 2.eg. Vi merka at det kom fleire ungdomar på dei ulike arrangement eller happenings som vi kollar det, og det er utruleg kjekt. Vi har planlagt mykje kjekt framover våren så det er berre til å ta turen.*

*Happeningane er for 8.klasse og oppover og vert arrangert 1 gong i månaden.*

*Følg oss på insta og Facebook for å bli oppdatert på det som skjer: ungdomstunet.*

**Alt vil bli bra.**

**Lars Joar Hilleren**  
UNGDOMSARBEIDAR



Ungdomstunet Instagram



Ungdomstunet Facebook



# St. Georgsdag

Kvart år feirar speidarane St. Georgsdag, speidarane sin internasjonale festdag. Dette vert feira den 23. april, og har vore feira i Noreg sidan 1914.

## Christian Dons forklarte feiringa på denne måten:

1. Høgtideleg minne alle speidarar om vårt internasjonale løfte og vår lov
2. Knytte kretsens grupper tettare saman i følelsen av ei einheit og fremje felleskapet blant speidarane.
3. Gjere speidarsaka kjent og skatta i byen og krinsen.

Eit sentralt moment i feiringa har frå fyrste gongen det vart feira i Noreg vore fornyinga av speidarløftet.

I år vil 1. Os speidarane feire St. Georgsdag med at dei eldste går på haik og overnattar ute, medan dei yngste møter opp på feiringsplassen saman med sine familiær. Vi lagar bål og kosar oss ute heile dagen med gryterett og Scouts Own, som er speidarane si eiga gudsteneste. Det vert anledning til å fornye løfta våre.

Når speidarane fornyar løftet sitt, står alle i ein hestesko og leiaren spør om ein vil fornye løftet. Då svarar alle JA og seier løftet: I tru på Guds hjelpe lovar eg å tene Gud, hjelpe andre og leve etter speidarlova.

## Det er ein fin tradisjon å fornye løftet. Men kvifor heiter det St. Georg?

Kven var det? I Norges seiderforbunds Speiderboka og Speiderbasen presenterast legenden om St. Georg slik:

*«St. Georg var en romersk ridder, feltherre og kristen og levde på 200-tallet. Etter at han hadde vært med på å erobre Palestina, reiste han hjemover til Roma. Underveis kom han til byen Silena i Libya. Der var det en stor sjø med en fryktelig drake som ingen klarte å drepe. Innbyggerne i byen hadde allerede ofret både husdyr og mennesker til draken, og til slutt hadde loddet falt på kongens eneste datter. Da ridder Georg kom ridende forbi, så han prinsessen som satt ved sjøen og gråt og ventet på dragen. Han bestemte seg straks for å hjelpe henne. Da dragen kom krypende opp av sjøen, såret han den først i halsen så den ble rasende av smerte. Den snodde halsen sin om hesten til Georg og truet med å knuse den. Georg sprang av hesten, gikk mot draken på ny og klarte å bore sverdet helt til skjeftet inn i buken på draken.»*

*Med et kraftig brøl veltet den over på siden og døde. Da det ble kjent i byen at Georg hadde drept draken, kom kongen og ville belønne den tapre ridderen, men Georg ville ikke ha noe. I stedet fortalte han alle innbyggerne om Jesus. Etter at alle i byen hadde kommet til tro, dro han videre til Roma der han senere døde som martyr den 23. april år 303.»*

St. Georg vart valt som førebilete for speidarrørsla for at speidarane skulle vere notidas riddarar.



## «Tenkedagen» 22. februar 2021

Som barn forstod eg aldri heilt det med «Tenkedagen». Vi kom på speidarmøtet, satt i kvar vår sofa i salongen i arbeidskyrkja og tenkte. Tenkte? På kva då??

«Tenkedagen» er ein dag som har lang tradisjon og vert feira i mange land. Dagen vert feira på ulike måtar, men idéen bak er den same: å markere at vi er del av ei verdsomspennande rørsle, å samle inn pengar til å styrke og starte opp speidararbeid verda over. Både Lord og Lady Baden-Powell (som er grunnleggjarar av rørsla) hadde bursdag denne dagen.

Temaet for «Tenkedagen 2021» er fredsbygging. Dagen vert markert i Tunet, mandag, den 22. februar, ved at nokre av dei som har vore med på Jamboree (verdensspeidarleir) fortel om si internasjonale erfaring i speidarrørsla. Det er fleire som har vore ute og reist og ynskjer å dele litt av sine opplevelingar. Wenche Orrebakken er ein av speidarieiarane som har besøkt «Kandersteg verdsspeidarsenter» i Sveits. Sylvi Lundgren er ein av dei som har besøkt verdsspeidarsentera i både Our Cabaña, Mexico og Sangram, India. Kanskje det er fleire av speidarane som har møtt nye venner som kjem frå andre land når dei har vore på leir? Det vil bli vist fram merker og skjerf som syner kva andre speidarrørsler arbeider for. Denne markeringa vert felles for patruljane Unge vandrarar, Store vandrarar og Roverar.

Denne dagen er ikkje bunden til ein spesiell stad og ein kan delta på «Tenkedagen» kvar det måtte vere. Som vaksen har eg fått litt meir innsikt i kva denne «Tenkedagen» kan vere: vi deler tenkerom med andre speidarar, andre sine utfordringar, fredsbygging, fellesskap og ser framover til vi kan møtast igjen.

Til å gruble litt på: i 2007 skrev Tor Marius Dahl, landssjef i Norges KFUK-KFUM-speidere og Lars Atle Andersen, speidersjef i Norges speiderforbund:

*Speiderloven sier at: »En speider arbeider for fred og forståelse mellom mennesker«. Med 38 millioner speidere over hele verden er vi kjempemange fredsamlassadører!»*

Sammen skaper vi fred!

**Sylvi Lundgren**



# Trusopplæringstiltak 0-11 år, våren 2021

Alle tiltak er med etterhald i forhold til moglege smittevernstiltak. Påmelding er påkrevd. **For alle tiltak: Sjå heimesida til Os kyrkjelyd: kyrkja.no/os.**

## 1-2 års helsingar

Dåpshelsingane går ut som før til våre 1 og 2 åringer.

Dåpshelsingane blir pakka klart på kontoret vårt, og blir 4 ganger i året, kjørt ut av 9 frivillige. Vanligvis blir helsingane levert i døra til foreldre og barn. I desse tider, derimot, blir helsingane levert i postkassen til dei aktuelle.

## 4 års bok

Det blir levert ut 4-årsbøker også dette semesteret, i forbindelse med gudsteneste. Det er også mogleg og kome og hente boka på kyrkjekontoret. I påmeldinga er det mogleg og hukke av ulike alternativ; hente på kontoret, kome på gudstenesta eller på ny invitasjon til neste utdeling.

## Skapningsdagane for 6-7 åringer

Vi håpar, og planlegg igjen for fantastiske, skapande dager i juni.

**Datoane dette året blir:**  
**tirsdag 22. – torsdag 24 juni.**

Det blir litt færre plassar dette året, så følg med når informasjon kjem, i posten og ellers på heimesida vår.

## Heilt førsteklasses

Førsteklassingane inviterast  
**5 gonger i Tunet Kyrkle- og kultursenter.**

Her samlast dei i lag med andre førsteklassingar fra heile Os, for å høre bibelforteljingar, syngle, og halde på med hobbyaktivitet. Starter onsdag 7.april og fire onsdagar til.

## Opplev påskan måndag 22. mars

**5-åringane inviterast til Os kyrkle, som er påskepynta!** Det blir ei vandring gjennom dei ulike dagane i påskan. Den vaksne som følger vil også få oppleve påskedagane på ein ny måte. Kyrkja vil nemleg vere kledd med scenar frå dei sterke dagene, der så mykje skjedde.

## Andre aktivitetar

### Lørdagssprell

Velkommen til utandørs

**Lørdagssprell 17.april kl.11-13.**

Oppmøte ved Nore Neset kyrkje.

Det vert lagt opp til ein liten og kjekk rundtur i nærområdet. Under-vegs skal vi høyrা bibelforteljing, finna og laga ting, leika og vera i aktivitet. Ta med hotdogs/grillpølser og saft for store og små, noko attåt og kaffi. På denne måten får vi alle påfyll av jordsleg og åndeleg føde.

Ha på deg gode sko, kle deg etter været, og bli med! :)

### Tweensing

Annankvar onsdag

**kl.18.00-20.00 i Os kyrkje.**

Er du glad i å synge eller spele? Er du i alderen 9-12 år? Då passar du godt inn i koret vårt!

Meld din interesse på kirken.no/Os. Kontingent pr. semester er 200 kr.

### TUNET barnekor

Annankvar torsdag

**kl. 17.30-18.45.**

Velkommen til «gamle» og nye medlemmer! Lyst å begynne? Meld din interesse på kirken.no/Os. Kontingent pr. semester er 200 kr.

### Barnesamling

Det er planlagt barnesamling:

- 21. februar i Tunet
- 14. mars i Tunet
- 21. mars i Tunet og Nore Neset
- 18. april i Tunet
- 9. mai i Tunet



## Salme 640

# Vi tennes lys i globen vår


*Vi tennes lys i globen vår  
og ber en stille bønn.  
En lengsel stiger opp til Gud  
fra hjertets dype brønn.*

**Refreng:**  
**Gi lys, gi håp og mot til dine barn.**  
**La ditt ansikt lyse over oss.**  
**Velsign oss med din fred.**

*Vi strekker kropp og sjel mot deg,  
bevar oss du, vår Far.  
Vårt liv er fylt av mange valg.  
Gi retning, Gud – gi svar.  
Refreng*

*Vi ber deg: Kom og vær vårt lys.  
Du kjenner våre navn.  
Kom til oss, trøstens Gud,  
vær nær og bær oss i din favn.  
Refreng*

Lysgloben kom til norske kyrkjer for omlag 40 år sida. Opphavleg starta praksisen i Sverige. Globen, som fekk namnet «Folkeforsonings tre», spreidde seg raskt. Utforminga blei enkel: eit kors på «nordpolen» og lyshaldarar rundt «ekuator». I 2009 laga forfattaren Grethe Myhre Skottene og komponisten Carl-Andreas Næss denne nye salmen til lystenninga.



Andrew Paul Holman  
KANTOR

## Det digitale naudfellesskapet



**I skrivande stund er vi igjen stengd ned på grunn av koronaviruset.  
På den eine sida er det ingenting vi kan gjera med akkurat det.  
På den andre sida er det irriterande, og det er trist.**

For kyrkja sin del handlar det om at vi ikkje kan samlast til gudstenester og andre samlingar. Det er då det er stemmer som seier at det er jo berre å laga til noko digitalt. Er det verkeleg det, spør eg tilbake då.

Skal kyrkja bruka ressursar på å vere til stades på digitale flater? Ja, det skal ho. Det skal vi, for her finn vi mykje folk som vi kanskje elles ikkje ville ha nådd. Det er som då gudstenestene frå Os kyrkje blei kringkasta på RadioOs. Dessutan vil det å strømma gudstenester, gje folk, som av ulike grunnar ikkje kan koma seg til kyrkje, moglegheit til å følga gudstenestene i den lokale kyrkja si. Dette er positivt, og det må vi fortsetta med, også når koronatida ein gong er over.

Men kan det digitale erstatta det fysiske møtet? Kan ei digital gudsteneste vere ei like stor oppleving som det å vera ein del av det fysiske fellesskapet som møtast i kyrkja, eller andre samlingar. Her vil eg påstå at det er det ikkje. Ikkje i lengda, og for min eigen del ikkje ein gong på kort sikt. Til julemassa i 2020 blei det gjord ein fantastisk jobb med å selga lodd, og få inn pengar til barne-og ungdomsarbeidet vårt.

Det blei laga ei god sending frå Tunet som blei sendt på youtubekanalen vår: Os sokn. Men eg trur at alle involverte kjente på at å ha vanleg julemesse med masse folk som minglar i foajeen, som sit i Storsalen med ein kaffikopp og ei vaffel og ungar som løp til og frå dei forskjellige aktivitetane er å føretrekka 99 gonger av 100. Det er berre at den eine gongen var julemassa 2020, og det var ingen veg utanom.

Slik er det og med gudstenestene. No når vi ikkje kan møtast så mange, og vi må halda avstand er det digitale naudsint. Men det kan ikkje erstatta fellesskapet som kjem saman i kyrkja til lovesong og bøn, Bibellesing, dåp og nattverd. Det kyrkjelege fellesskapet er fysisk. Gud blei menneske i Jesus. Det går ikkje an å seie at Jesus blei nedlasta frå himmelen. Difor kan heller ikkje eit digitalt fellesskap bli noko meir enn eit naudfellesskap i tider som krev det. Som no. Det er fantastisk at vi har moglegheit til å laga det digitalt til når vi må. Julemassa 2020 er prov på det. Andaktane og gudstenestene vi har lagt ut på nett likeså. Men det beste er alltid å få møtast fysisk, andlet til andlet med kvarandre, og med Gud. Velkommen til kyrkjene og Tunet når vi kan opna opp att.

**Roar Hallesby Evjedal**  
SOKNEPREST



# Saman for reint vatn

**Det hastar med å nå ut med  
reint vatn til alle. Vi i Os kyrkje  
vil vera med å verkeleggjera FN  
sitt bærekraftsmål nr. 6; Sikre  
bærekraftig forvaltning av, og tilgang  
til reint vatn, og gode sanitærforhold  
for alle innen 2030.**

Tekst: Diakon Ingrid Vik med KN komite

Den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp er eit viktig bidrag for å nå dette målet, og du kan være med å gjera ein stor forskjell.

«Husker du at du puttet på den pengen i den bøssa og tenkte jaja en dråpe i havet så ble det plutselig en brønn» Trygve Skaug  
Vi er nå i gang med planlegging av årets innsamlingsaksjon; Fasteaksjonen som i år skal gå digitalt, 21.-23. Mars 2021, altså mot slutten av fastetida. Saman kan vi redde mange liv ved å bidra til å gje reint vatn til alle. La oss bidra til målet om at innan 2030 skal alle land ha tilgang til reint vatn.

Konfirmantane i gruppa «Frivillig innsats» er i år med i planlegginga i samarbeid med fasteaksjonsekomiteen i Os; frivilligkoordinator, kateket og diakon. Alle konfirmantar skal vera med i gjennomføring av aksjonen, saman med foreldre og andre. Saman er vi med på noko stort og livgjevande. Reint vatn gjev betre helse, trivsel og gjev fleire barn moglegheit til å gå på skole.

## Alle kan bidra - sett deg eit personleg mål?

Sett av tid til å tenke gjennom korleis du kan vera med å spre aksjonen på fjesboka eller på sms til familie, slekt og vener. Og kanskje begynn å legge av pengar til prosjektet allereie frå fastelaven? Lag deg ein lita fastebosse, eller noko som minner deg på målet du vil sette deg, personleg eller i familie.

## 21. Mars er vår aksjonsdag i Os

Då vi ikkje kan gå på dørene til alle husstandar, sender konfirmanter og andre, melding korleis vi kan gje med vips, sms eller giro. Kanskje fadrar, onklar og tanter vil gje? Lag deg ei liste på kven du vil sende aksjonen videre til digitalt.

I fjor kom Os sokn på 6.plass i landet, etter opptellinga. Bjørnafjorden vart 3. best av kommunane i Vestlandfylket og gav såleis 1172 personar varig tilgang til reint vatn resten av livet.

Kanskje vi i Os sokn greier å slå vår eigen rekord som var på kr 162. 626 i fjor? Dette er beste resultat for Os sokn, så langt tilbake vi kan sjå. Uansett vil vi gjera vårt beste for å oppfylle målet: Reint vatn til fleire. Bli med! Hanne Vatnøy har skapt ein heilt ny låt i forbindelse med Fasteaksjonen. Låten «Sammen» vil sleppast på Spotify, og vi vil nytte låten i vår lokale aksjon. Notar i Fasteaksjonen sin ressursbank. Vi oppmodar deg, som kan tenke deg å bidra med innslag på sosiale media å sende ditt namn og kontaktinfo på e-post til post.os@kyrkja.no og merke e-posten til Fasteaksjonskomittén, så kontaktar vi deg.

På www.fasteaksjonen.no kan du lese meir om aksjonen og korleis du kan bidra.

**SMS med kodeord VANN til 2426,  
VIPPS: 2426 eller kontonummer gaver:  
1594 22 8749**



konfirmantane Emil, Sunniva og Nora

## «Sammen»

T/M:Hanne Vatnøy Steinarson

### 1: Du kan bety en forskjell

Med det lille du har  
Du kan dele  
Du kan gi  
Være med å sette et nytt perspektiv  
på livet  
I dag er dagen din

### 2: Du kan glede mange med ditt smil

Tine harde hjerter  
Tenne gjenglemt håp  
Være med å synliggjøre frihetens vår  
Når vi gir av vår overflod  
Kan liv vokse frem

### Refreng:

*Sammen vi går  
og vi vil være flere  
Sammen vi har en mulighet  
til å skape rettferdighet*

*Glede i å gi  
og stå sammen som venner  
Vi kan bidra å hjelpe flere*

### 3: Du kan bety en forskjell

med den du er  
Du er 'god nok', helt unik  
Du kan være med  
- (Bare) hvis du vil

Når vi gir av vår overflod  
kan vi redde mennesker på jord  
Når vi gir av vår overflod  
kan liv vokse frem

### Refreng.

**Bro:** Når du står der  
alene går der  
Du har all tid  
Du har klær og varme  
Likevel, kjenner du deg ensom  
Så kom igjen og bli nå med  
Gå for liv og gå for fred  
Å gi til andre gleder mer enn  
tusen ord kan si  
Når vi gir slippes kjærligheten fri

### Refreng.



# Informasjon om endringar og nytt som gjeld gravplassane i Os sokn

## Kremasjonsavgifta vert ikkje dekkja frå 2021

Kommunen dekkja kremasjonsavgifta t.o.m.2020, men dette fall bort frå 2021 av. Det er difor ein kostnad med sjølv kremasjonen, men ser ein økonomisk på det så er det likevel gunstig med urnegrav.

Der er likevel mange gode grunnar til å velje kremasjon. Det har vore ei stor auke i val av bisetting og kremasjon dei seinare åra, og i 2020 valde overkant av 60% i Os sokn denne gravforma. Det er ønskje at flest mogleg skal velje denne gravforma framfor kistegravlegging, men dette er eit val som må gjerast for kvar einskild.

## Arealbesparande

Ein ser at meir og meir areal går med til gravplassar. Ei urnegrav tek halvparten av arealet til ei kistgrav, og det er plass til fire urner i ei urnegrav. Det er ei effektiv gravform. Bruk av urner er både arealbesparande og reduserer høge kostnadar med å leggje til rette for store område med felt for kistegravlegging.

## Økonomisk rimelegare med urnegrav - kostnadene i ettertid for etterkomarane

Når t.d. ein person dør og attlevande ektefelle/sambuar reserverer ei grav ved sidan av kjem det umiddelbart høge kostnadar for attlevande. Å reservere ei grav koster i 2021 kr.12.360,- for tjue år. Fornying av gravfeste har også høge kostnadar for etterkomarane. Tek ein i bruk ei urnegrav, er der ledig grav ved sidan av, og der er ingen kostnadar for attlevande før etter 20 år etter siste urnegravlegging. Når festeavgiftene trer i kraft etter 20 år så er i dag kostnadene med urnegrav om lag halvparten av det det er for å feste ei kistegrav. For etterkomarane vil det difor både vere ei rimeleg ordning og også ei praktisk betre løysing å handtere ei urnegrav enn ei kistegrav.

## Namna minnelund

Dette er ei gravform som har blitt meir og meir brukt i fleire kommunar. I 2020 har vi tatt i bruk Namna minnelund på Kuventräe gravplass, og nokon har allereie

nytta dette tilbodet. I ei Namna minnelund vert urna sett ned i eit felt der ein har eit felles monument, og så får alle gravlagde ei namneplate montert på staden.

Etterkomarane får ikkje noko plantefelt å stelle/ha ansvar for. Men dei som ønskjer det kan setje blomar i ein vase på eit stativ som er montert på staden. Desse blomane kjem i tillegg til at gravplasstilsette steller eit plantefelt ved monumentet som kyrkjeleg fellesråd har ansvar for.

I 2021 er målet å få på plass Namna Minnelund på Nore Neset kyrkjegard.

Vi kjem tilbake til meir informasjon om gravplassar i Os sokn og kva som truleg vil skje av nytt/endringar dei komande åra i neste nummer av kyrkjebladet.

**Harald Geir Sæther**

ASS. KYRKJEVERJER



Namna Minnelund vert meir og meir brukt i Noreg. Vi vonar at dette tilbodet også vert aktivt brukt i Bjørnaforden i tida som kjem.



# Frå kjellar til kyrkje

**For 11 år sidan vart det sådd eit kyrkjefrø i Estlands hovudstad, Tallinn. Etter ei tid kom Det Norske Misjonsselskap på banen med sitt kyrkjelydsplantingsprosjekt.**

I denne helsinga frå sokneprest Tiina Clement kan vi lesa om den første tida, korleis kyrkjelyden voks, og der det no er reist ei flott arbeidskyrkje. Bydelen Mustamäe ligg i utkanten av Tallinn og er eit bustadområde med ca. 60 000 menneske. Det flotte kyrkjebrygget ligg i eit fint parkområde. Her fortel Tiina om utviklinga og om korleis vi skal få vera med i omtanke og forbøn for arbeidet i MARIA MAGDALENA kyrkjelyd.

**Teksten er omsett og lett redigert  
av Lars Hernes:**

## Helsing frå Estland


Kjære brør og systerer i Kristus! For oss i Mustamäe kyrkjelyd i Tallinn er advents-og juletida den vakraste tida i året. Vi kjenner forventning, håp og glede. I heimane startar vi tidleg med med pynt og utsmykking. Vi kjøper og pakkar inn julegåver til våre kjære og nærmeste. I kyrkjelyden har vi invitert til måltid etter gudstenesta på julafesten. Her deler vi også ut julegåver til foreldrelause born. Denne samlingen har vore svært viktig for dei mange som ikke har nokon andre å ha fellesskap med. Dei seier at denne samlingen gjev dei ei ekte oppleveling av at no er det jul.



*Men det siste året har vore spesielt, også i Estland. Pandemien covid-19 medfører mange restriksjonar og strenge reglar for å kunna møtast. Dermed laut vi bryta den gode tradisjonen denne gongen. Det var eit stort sagn. No er folk engstlelege for framtidia. Personleg kjenner eg ein otte for fullföringa av kyrkjebrygget vårt. Men så høyrer eg Gud kviskra stille: «Ver ikkje redd! Eg er med dykk. Eg vil velsigna dykk! «Ja, dette er Guds løvnad og vilje i Kristus: Å vera saman med oss, gje oss ei framtid, steg for steg. Jesus vart fødd inn i ei verd som var mørk og vond. Her vart han ein av oss. Jesusbarnet er den største julegåva for heile menneskeslekta. At han fra sin himmel kom ned til oss, gjer det mogeleg å vera Guds born. Det er overveldande og fantastisk! Tenk å få arverett til Guds rike og det evige liv!*

*Så vil eg også få uttrykkja mi djupaste takksemd for den økonomiske støtta de gjev oss! Utan denne hjelpa ville både kyrkjelydsarbeid og kyrkjebrygging vore heilt uråd. Vi veit kva Jesus ein gong kunne gjera ut av fem brød og to fiskar. Med hans velsigning kan det som er smått, vera stort. Og no kjenner vi verkeleg at vi er ein del av Guds store familie på jord.*

*Til slutt nokre glimt frå dei 10 åra som har gått sidan Mustamäe kyrkjelyd vart til. Starten var fem vaksne og eitt barn som møttest i eit trøngt kjellarlokale i kommunebrygget. Der bad dei om Guds hjelp til å reisa ei ny kyrkje i bydelen. Denne kjernen voks gradvis til eit kyrkjelydsfellesskap. Vi fekk i stand gudstenester og bønegrupper. Heile tida har*



*vi drive eit omfattande diakonalt arbeid for dei mange trengande i bydelen. Vi har også ei besøksteneste for eldre og einsame. Frå 2013 har Magda misjonsbutikk vore til stor hjelp for vanskelegstilte. Dette er ein butikk med diverse bruktværer som kan kjøpast billig. Entusiastiske kvinner frå Noreg og andre land har ytt stor hjelp til butikken. Vi takkar også for all støtte til denne arbeidsgreina!*

*Frå 2012 har vi teke imot gjestande ungdomar, m.a. frå Noreg, som eittåringer i kyrkjelydsarbeidet. Takk vere dei kunne vi starta opp barne-og ungdomsarbeid, babysong og sundagsskule. Ein heil flokk lokale frivillige har engasjert seg i denne tenesta. På sommarleirane våre for barn og ungdommar kan det vera opptil 30 deltakrar. Leirane kan arrangerast både her i byen, men også på landsbygda, jamvel utanlands, om økonomien strekk til. I fjor, 2020, hadde vi for første gong konfirmasjon for ein ungdom.*

*Eg ynskjer dykk alle vår himmelske Fars velsigning for den støtta de er for oss i Mustamäe!*

**Dykkar Tiina Clement**



# Senior-Koinonia

**Covid-19 og smittevernreglar hindrar oss å ha desse samlingane inntil vidare.**

Her er likevel programmet framover:

**Torsdag 11.februar kl.11.30**

Føter på fjell- Han er trufast  
v/prest Svante Havåg.  
Song: Jan Tørres Nordstrand.

**Torsdag 25. februar kl.11.30**

Litt av det livet har lært meg  
v/tidlegare skulestyrar Annlaug Barane  
Songinnslag.

**Torsdag 11.mars kl .11.30**

Takk for våren og Lysekloster v/fotograf  
og kulturformidlar Erling Wanvik.  
Song: Anker Turøy

**Torsdag 25.mars kl. 11.30**

Frå pale til pulver v/professor Gisle Enstad.  
Song: Linda Haugland

**Torsdag 8.april kl. 11.30**

Frå sol-oppgangens land v/misjonær  
Ingrid Valbø. Songinnslag.

**Torsdag 22.april kl 11.30.**

"Den endelause gata" – barndomsminne  
v/forfattar Halldis Reigstad.  
Song: Hagaviktrioen.

**Torsdag 6.mai kl. 11.30**

Ei røyst i tida v/radiojournalist og  
kommunikasjonsleder Vigleik Brekke.  
Song: Hymnos.

**Veke 21**

Dagstur, kunngjering seinare.

## Strikk til Tunet

Strikkeklubben «Strikk til Tunet» er på vent fram til Koronareglane tillet oss å møtast igjen. Då vil vi arrangere ein utlodning til inntekt for Tunet, men det vert nok ikkje basar på den vanlege måten.

**Følg med på heimesida: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)**

## TITT - Torsdag i Tunet

Normalt vert det skipa til TITT-samling ein gong kvar månad. Covid-19 og smittevernreglar hindrar oss å ha desse samlingane inntil vidare. TITT vert derfor avlyst inntil det igjen er forsvarleg og samlast.

## Open kyrkje

**Torsdag framover våren vil vi fortsette å halde  
ope kyrkjehus kl 17:00-19:00.**

Dette er eit lågterskeltibod for alle i Os. Folk kan nytte kyrkjerommet i stillheit etter eige behov. I utgangspunktet er dette eit tilbod utan program. Meir info om open kyrkje på heimesida: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)  
Velkommen inn!

Styringsgruppa v/Hildur og Tryggve Lillestøl

## Bibelhistorie-kveldar i Tunet

**Covid-19 og smittevernreglar kan hindre oss i å ha  
desse samlingane.** Her er likevel dei planen. Meir info og  
påmelding på [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)

**Torsdag 25. februar:** Josva v/misjonær og  
forfatter Osvald Hindenes.

**Torsdag 25. mars:** Kong David v/lege og leiar i Søfteland  
Bedehus Per Torgeir Nilsen.

**Torsdag 22, april:** Ruts bok v/diakon Annie Andersen.

Støtt våre annonsører

# NMS GJENBRUK OS

**MILJØ, MØTEPLASS & MISJON**

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

**MILJØ MØTEPLASS MISJON**



Følg oss på Facebook  
"NMS Gjenbruk Os"

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER



## DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

REISEGARANT  
RGF  
FONDET

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

**OS HAGESERVICE O**  
alt innen hage

---

**Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.**

---

**56 57 66 77      99 00 80 80**  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)



**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300  
e-post: os@travelnet.no | [www.verden.no](http://www.verden.no)



**Elektro-Design AS**  
AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:  
**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING



**BOTNEVIK**

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

**GRAVMINNEN**

Stor salgsutstilling av  
nye monumenter

Tilføyelser / Oppussing

**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
Tlf. 55 98 70 00



**Døgntelefon**  
**56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



Daniel Røksund  
938 26 432



Alexander Olsen  
473 80 260

Kom innom  
kontoret vårt  
i Os sentrum.

# Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi løve deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt  
kontor i Os sentrum



Ring oss  
915 05560



Kontakt oss på  
emvest.no



EiendomsmeglerVest



# Vil du gje ei pengegåve?

**I Os sokn har vi mange og trufaste gjevarar, som vi er så takksame for!**

Private gåver er avgjerande for å få økonomien til å gå rundt, og til denne tid har det gått fint! Stadig har innsamla midlar vorte sett inn på lånet for Tunet kyrkje- og kultursenter, og kvar månad har pengar frå faste gjevarar bidrege til å betale månadlege avdrag og renter. Vi er takksame for alle som bidreg – både med stort og smått.

Og det er ikkje småpengar som kjem inn. I 2020 var målet å få inn 500 000 kr frå faste gjevarar til Tunet. Målet vart nesten nådd! Vi går for same mål i 2021. Vil du hjelpe oss å nå målet?

Fordel med å støtta økonomisk – både for den som gjev og for Tunet kyrkje- og kultursenter.

Som fast gjevar kan du få frådrag i skattepliktig inntekt for pengegåver frå storleik 500 kroner og opp til 50.000 kroner. Os sokn sender kvart år ei oversikt til Skatteetaten over gjevarar som ønskjer skattefrådrag, og gjevaren får ei årsoppgåve som syner kva opplysningar som er rapporterte.

For Tunet får vi kontinuitet og føreseielelegheit i økonomien. I desse tider, med lavt utleigenivå, er private gåver avgjerande for betaling av lån og renter.

## Slik kan du bli fast gjevar:

- Nytte avtalegiro som du finn på [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) under fana «Gje»
- fast trekk i nettbanken din til konto: 3201.53.23506

**Linda Ekerhovd**  
DAGLEG LEIAR OS SOKN

## DØDE

**Sigrid Nora Frantzen**  
f. 21.04.1934 - d. 16.11.2020

**Grethe Brunstøl Gundersen**  
f. 05.11.1956 - d. 21.11.2020

**John Sverre Forstrønen**  
f. 22.06.1930 - d. 23.11.2020

**Oddvar Kopperud**  
f. 28.05.1955 - d. 27.11.2020

**Eli Karlsen**  
f. 27.12.1941 - d. 28.11.2020

**Magnus Palmer Emil Røen**  
f. 29.01.1939 - d. 01.12.2020

**Sofie Johanne Valle**  
f. 04.03.1926 - d. 05.12.2020

**Atle Monsen**  
f. 12.06.1953 - d. 08.12.2020

**Karin Sundmoen Dyrdal**  
f. 26.06.1949 - d. 17.12.2020

**Gunnar Lønningdal**  
f. 03.08.1944 - d. 25.12.2020

**Elsa Sørensen**  
f. 27.08.1939 - d. 28.12.2020

**Olav Hatleli**  
f. 04.03.1938 - d. 31.12.2020

**Omar Georg Wold**  
f. 01.08.1932 - d. 03.01.2021

**Aagot Lekven**  
f. 18.01.1924 - d. 04.01.2021

**Marta Skillebekk**  
f. 08.07.1945 - d. 04.01.2021

**Margit Sjøbø**  
f. 05.06.1933 - d. 10.01.2021

**Eli Skorpen**  
f. 17.12.1938 - d. 12.01.2021

**Svein Tveit**  
f. 06.06.1936 - d. 12.01.2021

**Nils Martin Engelsen**  
f. 20.03.1938 - d. 14.01.2021

**Paul Oscar Drange**  
f. 17.05.1956 - d. 19.01.2021

## DØYPTE

**22. november**  
Enok Linga Kolbeinsen  
Norah Sørås

**29. november**  
Leon Bjørkelund Bjørø  
Gustav Gulbrandsøy Frøderberg  
Filippa Lilletvedt

**6. desember**  
Isak Storum

**13. desember**  
Celina Aasen Knudsen

**20. desember**  
Mathias Austevoll Haldorsen  
Elena Obarisiagbon Kvamme

**26. desember**  
Vilde Austevoll  
Abel Sebastian Nesbø

**24. januar**  
Theo Gill

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espeshaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**  
Tlf. 56 30 44 90

 **JERNIA**  
[www.jernia.no](http://www.jernia.no)



# Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for oppdaterte opplysningar.

Os kyrkje	Nore Nerset kyrkje
<b>07.02.21</b> kl. 11.15: Nattverd.	<b>07.02.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>14.02.21</b> kl. 11.15: Nattverd.	<b>21.02.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>21.02.21</b> kl. 11.15: Nattverd. Band.	<b>14.03.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>28.02.21</b> kl. 11.15: Nattverd.	<b>21.03.21</b> kl. 11.00: Dåp, Nattverd.
<b>07.03.21</b> kl. 11.15: Nattverd.	<b>01.04.21</b> kl. 20.00: Nattverd.
<b>14.03.21</b> kl. 11.15: Nattverd.	<b>11.04.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>21.03.21</b> kl. 19.00: Nattverd	<b>26.04.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>28.03.21</b> kl. 11.15:	
<b>02.04.21</b> kl. 12.00:.	
<b>04.04.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	<b>05.04.21</b> kl. 12.00: Gudsteneste
<b>04.04.21</b> kl. 17.00: Nattverd.	
<b>11.04.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
<b>18.04.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Band	
<b>25.04.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
<b>Liafjellet</b>	
<b>Med etterhald ut frå smittevernstilhøve. For oppdaterte opplysningar sjå <a href="http://kyrkja.no/os">kyrkja.no/os</a></b>	

## Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 4. oktober 2020

Dato	Takkoffer til	Beløp
18.10.2020	TV-aksjonen	4 325,-
25.10.2020	Kongshaug Musikkgymnas	4 582,-
01.11.2020	Misjonsprosjektet	2 061,-
29.11.2020	Os KFUK/M-speidarane	1 523,-
06.12.2020	Eigen kyrkjelyd	840,-
13.12.2020	Tunet	1 133,-
24.12.2020	Kirkens Nødhjelp	17 982,-
25.12.2020	Det Norske Misjonsselskap	5 715,-

## OS Kyrkjelyd

### TILSETTE:

#### SOKNEPREST:

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

#### PROSTIPREST

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

#### KAPELLAN VIKAR

Anette-Emilie Gangstø, at826@kirken.no  
tlf. 56 57 24 05, mob: 45 28 02 78

#### KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, kf253@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

#### ASSISTERANDE KYRKJEVERJE:

Harald Geir Sæther, hs995@kyrkja.no  
tlf. 56 58 01 80

#### DAGLEG LEIAR:

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 20.

#### KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

#### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren,  
lh798@kyrkja.no, tlf 56 57 24 17/mob. 476  
56 541

#### KATEKET:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

#### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

#### FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Sylvi Lundgren, sl828@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 976 15652

#### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv299@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

#### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Kenneth Molland (mob: 917 49  
190), Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar  
Midtsæter, Linn Kjerstin Østgulen og Terje Rød.

Avs:

Os kyrkjelyd  
Postboks 209  
5202 Os



# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jesus fortalte ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att saunen. (Teikning: Trevor Keen)



**Finn fem feil** Då gjetaren fann saunen, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



## Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

Gje barnebladet  
**BARNAS** til  
eit barn du er  
glad i!

Dese oppgåvane er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00.



- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.